



Analysegruppa

Analysegruppe lagar analyser, samanlikningar og rapportar til universitetsleiinga om trendar, rammer og utviklingstrekk som er aktuelle for å gjennomføre UiBs strategi.

Analysegruppas medlemmar: Ingar Myking, Steinar Vestad, Bjug Olav Bøyum, Svein Jarle Nymark, Gry Flatabø, Morgan Alangeh og Caroline Armitage.

Web of Science «Highly Cited Researchers 2024»

Ny liste over de som siteres mest i verden.

Hvert år lager Clarivate en liste over «Highly cited researchers», som skal være «1 av 1000». Disse forfatterne har flere artikler som er i topp 1 % sitert, men er så også evaluert etter andre kriterier. Disse inkluderer kvalitative analyser, samt analyser av hvem som siterer dem for å sjekke bredden av innflytelse.

2000 mest siterte

Det har vært bekymringer rundt listen før i forbindelse med at siteringer alene kan være misvisende; for eksempel kan man få opp tallet siteringer til seg selv ved overdreven egensitering, ved å betale eller tvinge andre til å sitere en, eller være medforfatter på mange artikler med veldig mange forfattere («hyperforfatterskap»). Som et sikkerhetstiltak, har [Clarivate inkludert flere vurderinger av slike elementer i listen i år](#). Nesten 2000 personer ble utelukket fra listen i

2024 basert på disse vurderingene.

UiB med en person

I 2024 har UiB en person på listen, Ståle Pallesen (psykologi). Han sto på listen også i årene 2021-2023. Disse årene hadde UiB 2-3 personer på listen (en av disse var en person fra NIVA med bistilling ved UiB). I 2024, har UiO 5 (6*) personer på listen, NTNU har 3 personer, CICERO har 2 personer, og det er 1 person på hver av UiT, NIPH, NIVA, NMBU, NIH, og Kunnskapssenteret for helsetjenesten (FHI). Det finnes 17 (18) personer på listen fra Norske institusjoner, 58 (60) fra Svenske institusjoner, 54 fra Danske, og 16 fra Finske. Listen kan utforskes her: <https://clarivate.com/highly-cited-researchers/>


*Tall oppgitt i () teller med alle nevninger av personer som er nominert i flere fagkategorier og dermed kommer på listen flere ganger.

Jevn gjennomføring ved UiB til tross for økt antall kandidater

I løpet av 2023 fullførte nesten 3700 studenter en grad ved UiB, flere enn noen gang før. Samtidig er indikatoren for kandidatproduksjon fjernet i den nye finansieringsmodellen, og erstattet med en mindre vektet indikator som baserer seg på gjennomføring på normert tid. I denne modellen er det ikke antallet kandidater som blir ferdig som er viktig, men andelen som gjennomfører innenfor den normerte studietiden.

Beregningen her tar utgangspunkt i kullene på tre- og fireårig bachelor, toårig master, femårig integrert master og seksårig profesjonsstudier – men kun studenter tatt opp til høstsemesteret. For den normerte gjennomføringen i 2023 er det altså snakk om studenter som startet på studieprogrammet i perioden mellom 2017 og 2021 som regnes med, avhengig av studienivå.

Figur 1 Oversikt over kullene som inngår i beregningen av gjennomføring på normert tid i 2023 (studenter som skulle gjort seg ferdig våren 2023).



For de fleste institusjonene er dette en ny måte å beregne gjennomføringen på, men for UiB innebærer det at gjennomføringen totalt sett har vært stabil de siste fire årene (2021-2024) med 48 prosent.

Tabell 1 Gjennomføring på normert tid, samlet for alle studienivå, UiB. Kilde: FS

Fakultet	2019	2020	2021	2022	2023	2024
HF	29 %	30 %	29 %	28 %	31 %	29 %
NT	45 %	43 %	48 %	49 %	49 %	52 %
MED	50 %	51 %	51 %	47 %	52 %	53 %
JUR	46 %	46 %	48 %	53 %	58 %	56 %
SV	40 %	46 %	50 %	53 %	52 %	51 %
PS	59 %	59 %	65 %	61 %	55 %	52 %
KMD	80 %	72 %	75 %	65 %	64 %	73 %
UiB	43 %	44 %	48 %	48 %	48 %	48 %

Bedring i resultatmidler

Dette betyr igjen at UiB ikke sitter igjen med noen bedring i resultatmidler, til tross for at om lag 155 flere kandidater gjorde seg ferdig i 2023 enn året før. Årsaken er da at kullene som skulle gått ut var tilsvarende større. For bachelorkullet ser vi en liten nedgang i gjennomføringen blant de som startet i 2021. Dette var ventet, siden vi tidlig så at frafallet underveis i studiet for dette kullet var noe høyere enn de foregående årene.

Tabell 2 Gjennomføring på normert tid, bachelor (tre år). Prosentandeler av startkullet. År = normert avgangår. Kilde: DBH/FS


Fakultet	2019	2020	2021	2022	2023	2024
HF	27 %	39 %	27 %	27 %	27 %	25 %
MED	63 %	57 %	57 %	66 %	69 %	49 %
PS	54 %	55 %	58 %	57 %	58 %	52 %
SV	39 %	46 %	49 %	54 %	52 %	50 %
KMD		71 %	77 %	72 %	63 %	74 %
NT	33 %	36 %	42 %	42 %	41 %	45 %
UiB	37 %	41 %	44 %	46 %	44 %	43 %
UiO	35 %	38 %	43 %	45 %	41 %	*
NTNU	50 %	53 %	57 %	55 %	55 %	*
Sektor	49 %	51 %	54 %	56 %	53 %	*

* Tall for 2024 er ikke klare fra DBH

Mot lavere frafall

Vi ser derimot ikke den samme tendensen for 2022- og 2023-kullene, her er frafallet lavere enn vi har sett tidligere. Ikke minst er tallene svært mye bedre enn kullene som startet for 10-15 år siden. Det kan dermed virke som om arbeidet over tid har bidratt til at vi ser en mer varig bedring i gjennomføringstallene.

Figur 2 Frafall i bachelorutdanningene ved UiB. Semesternummer er semesteret studenten er frafalt ved UiB. Kull: 2009, 2014, 2019-2023. Kilde: STAR



Høg utteljing i Horisont Europa for universiteta

Noreg har hatt ei sterk vekst i deltaking i EU sitt rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont Europa etter at halve rammeprogrammet er gjennomført. NTNU har størst deltaking, men UiO har best relativ utteljing. Målt etter institusjonsstorleik, finansiell utteljing per årsverk i vitskapelege stillingar ligg UiB om lag 15 prosent under NTNU og om lag 25 prosent under UiO.

Utviklinga på institusjonane varierer. UiB og UiO har lik suksessrate på tvers av delprogramma (22 prosent), nær tre prosent høgere enn NTNU. UiT har den høgaste suksessraten, med 28 prosent. Forskningsrådet har delt talgrunnlaget for universiteta si deltaking. Datagrunnlaget er basert på teljingar fra eCorda oktober 2024, og skal representere aktiviteten til midtvegs i perioden for Horisont Europa.

Den offentlege eCorda-databasen omfattar utlysingar med ferdig stilte kontraktprosessar. Det er følgjeleg forseinking i teljing av innsendte prosjektforslag. For UiB omfattar materialet 354 søknader og 79 finansierte prosjekt. Interne oversikter syner om lag 460 søknader og 90 tilsegn om finansierte prosjekt per 25. november 2024. 105 av søknadane i UiB sine interne oversikter er ikkje ferdig behandla, 39 av desse er ERC.

Tabell 3 Deltaking i rammeprogrammet per universitet. Årsverk: sum årsverk i vitskapelege stillingar 2021-2023

Organisasjonsnavn	ANT. DELTAKELSER			EU-STØTTE				ANT. KOORDINATORER	
	i søknader	i innstilte søknader	Suksessrate deltakerler	i søknader (mill. euro)	i innstilte søknader (mill. euro)	Finansiell suksessrate	Euro pr årsverk	i søknader	i innstilte søknader
NTNU	1085	215	19,8%	724,5	133,9	18,5%	8 754	384	68
UiO	858	192	22,4%	677,4	119,4	17,6%	10 171	496	98
UiB	354	79	22,3%	319,5	52,6	16,5%	7 478	182	36
UiT	287	82	28,6%	192,6	42,1	21,9%	6 132	149	37
NMBU	158	34	21,5%	95,2	18,4	19,3%	6 788	62	15
OSLOMET	158	25	15,8%	67,6	8,3	12,3%	1 878	72	10
UIS	149	25	16,8%	78,6	12,1	15,4%	3 469	79	10
UIA	79	17	21,5%	38,5	6,8	17,7%	2 413	32	3
USN	78	15	19,2%	34,6	5,8	16,7%	1 584	18	3
NORD	74	18	24,3%	36,7	6,9	18,8%	2 635	38	9
Totalt:	3280	702	21,4%	2265,2	406,3	17,9%	6 699	1512	289

Delprogramma viser skilnader i profil

For dei tre største universiteta er fordeling på delprogramma som i tabell 2:


Tabell 4 Deltaking på delprogram for UiB, UiO, NTNU

Institusjon	Program	avslag	innstilte	Suksess-rate	mill. euro	Søknader pr 1000 årsverk*
UiB	ERC	87	15	15 %	24	15
	MSCA	81	20	20 %	10	14
	INFRA	5	17	77 %	4	3
	Pilar 2	80	23	22 %	13	15
	Pilar 3	13	3	19 %	1	2
	WIDENING	9	1	10 %	0	1
UiO	ERC	205	36	15 %	62	21
	MSCA	253	80	24 %	22	28
	INFRA	10	14	58 %	7	2
	Pilar 2	164	53	24 %	24	18
	Pilar 3	22	5	19 %	3	2
	WIDENING	12	4	25 %	2	1
NTNU	ERC	100	17	15 %	35	8
	MSCA	261	63	19 %	18	21
	INFRA	7	11	61 %	2	1
	Pilar 2	401	114	22 %	75	34
	Pilar 3	74	3	4 %	2	5
	WIDENING	27	7	21 %	3	2

- ERC: UiO har størst absolutt utteljing, UiB har utteljing på line med NTNU i tal på prosjekt.
- MSCA: NTNU og UiO har lik søknadsaktivitet og forholdsvis lik utteljing, betydeleg over UiB.
- INFRA: UiB har flest søknader og flest tilslag. UiO har likevel større finansiell utteljing.

- Pilar 2: NTNU er betydeleg større enn både UiO og UiB.
- Pilar 3: NTNU har større søknadsaktivitet, men låg suksessrate.

Figur 3 søknad og tildelingar per program, absolutte tal




Suksessrate, relativ søknadsaktivitet og utteljing per program

Figur 4 Relative tal på deltaking. Årsverk: sum årsverk i vitenskapelige stillingar 2021-2023

Suksessrate og søknader per årsverk, Horisont Europa

Boblestørrelse indikerer bevilget beløp per årsverk



Infrastruktur fell utfor skalaen for suksessrate i diagrammet.

Institusjon	INFRA Søknader pr 1000 årsverk	Suksess-rate	Euro pr årsverk
UiB	3,1	77%	569
UiO	2,0	58%	596
NTNU	1,2	61%	131

- ERC: UiB har større relativ søknadsaktivitet og utteljing enn NTNU, men mindre enn UiO. Dei tre universiteta har lik suksessrate.
- MSCA: UiO har klart sterkast relativ aktivitet både i form av søknadsfrekvens og suksessrate. UiB sender mindre enn halvparten av søknadene til UiO per forskarårsverk, men finansiell utteljing per


årsverk er likevel berre 25 % lågare, og høgare enn NTNU. Profilen er sannsynlegvis ulik, med større del MSCA DN og mindre del MSCA PF ved UiB. Datamaterialet skil ikkje mellom dette.

- INFRA: Både søknadsaktivitet og gjennomslag er betydeleg større ved UiB enn dei andre universiteta, men UiO har likevel noko større finansiell utteljing enn UiB.
- Pilar 2: Dei tre universiteta har nokolunde lik suksessrate - UiO ligg to prosentpoeng over NTNU og UiB. UiB er nær på nivå med UiO i finansiell utteljing, men svært stor søknadsaktivitet gjer at NTNU skil seg sterkt ut.

Utteljing i pilar 2 klynger

Dei tematiske utlysningane i EU er delt i seks «klynger». Figurane under syner absolutt og relativ utteljing for UiO, UiB og NTNU i klyngene.

Figur 5 Utteljing i pilar 2, UiB, UiO, NTNU



- Helse (CL1) er klynga der UiB har størst aktivitet, her er UiB også større enn NTNU i absolutte tal.
- Også innan kultur (CL2) har UiB godt gjennomslag.
- UiB har låg aktivitet i CL3 og CL4.
- NTNUs dominans i pilar 2 kjem av svært høg aktivitet innan CL4 Digital, industri og romfart, CL5 Klima og CL6 Bio og miljø (inkludert marin).
- Sett i forhold til årsverk har UiB større aktivitet enn UiO i fire av seks klynger, og er størst i Noreg i både helse-klynga og kultur-klynga. UiO hadde på teljetidspunktet likevel større aktivitet enn UiB grunna relativt stort gjennomslag i CL4.
- På teljetidspunktet hadde UiB oppnådd seks koordinatorprosjekt, UiO hadde oppnådd sju og NTNU 22.
- UiB har ein større del koordinatorprosjekt (26%) enn både UiO og NTNU

Rekordmykje EU-pengar til norsk forskning

Norske forskarar og bedrifter er på 8. plass av totalt 140 land når det gjeld å hente pengar frå verdas største forskings- og innovasjonsprogram, Horisont Europa.

Horisont Europa har eit budsjett på rundt éin billion norske kroner i perioden 2021–2027.

Ambisjonen er at norske deltakarar skal hente heim 2,8 prosent av pengane som vert lyste ut. Til no har norske aktørar konkurrert seg til nesten 15 milliardar kroner, eller 3,31 prosent.

Topp 15 norske aktører i Horisont Europa

Organisasjonsnavn	Mill. euro
SINTEF	186,3
Coalition for Epidemic Preparedness Innovations	140,0
Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU)	119,1
Universitetet i Oslo	111,6
Universitetet i Bergen	48,9
Noregs forskingsråd	46,9
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	37,7
NORCE Norwegian Research Centre	32,2
Oslo Universitetssjukehus HF	21,2
Noregs miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU)	18,1
Institutt for energiteknikk	14,8
Folkehelseinstituttet	14,0
NILU	13,8
NIBIO – Norsk institutt for bioøkonomi	13,7
Norsk institutt for vannforskning (NIVA)	13,5

Systematisk variasjon i hva som menes med god forskning

Artikkel i tidsskriftet *Science and Public Policy* vurderer hva forskere oppfatter som karakteristika ved den beste forskningen på sitt forskningsfelt.

Studien er basert på en stor survey til forskere innen fysikk, kardiologi og samfunnsøkonomi i fem land. I alle tre fagene fremstår det å løse viktige faglige problem og besvare viktige spørsmål på forskningsfeltet som sentrale kjennetegn ved den beste forskningen.

Forskjeller i og mellom fag

Samtidig er det forskjeller både innen og mellom fagene, som forklares med at forskning er organisert på ulike måter med ulike formål, og begrepene formes i ulike interaksjoner og kontekster. For noen er utvikling av nye teoretiske rammeverk et viktig aspekt, for andre kan det

være nye forskningsmetoder, mer pålitelige og presise resultater, eller samfunnsnytte som er viktigst.

Kardiologer ser oftere samfunnsnytte som et viktig aspekt ved den beste forskningen enn det fysikere gjør. Når det gjelder forskjeller innen forskningsfelt, ser vi blant annet at når fysikere er påvirket av oppdragsgivere og eksterne finansieringskilder eller jobber flerfaglig, legger de mer vekt på samfunnsnytte når de skal peke ut den beste forskning på sitt felt. Generelt ser vi også at forskere som er tilknyttet forskningsinstitutter er mer tilbøyelig enn universitetsforskere til å mene at samfunnsnytte er et kjennetegn ved den beste forskningen.

Endimensjonale evalueringer

En hovedkonklusjon er at kvalitetsbegreper gjenspeiler ulike samhandlingsarenaer og organisasjonstilknytning, og at fagdisipliner bare står for en del av variasjonen i hva som menes med god forskning. Det pekes videre på at endimensjonale evalueringer eller smale kriterier ikke fanger variasjon og mangfold i hva som menes med god forskning, og at det behov for bedre forståelse av begrepsmangfoldet og av hvordan forskningskvalitetsbegreper dannes.

Statsbudsjettet: Prosentvis mindre til forskning

FoU-bevilgningenes andel av samlede utgifter over regjeringas forslag til statsbudsjett for 2025 utgjør 3,68 prosent. Det er den laveste delen siden 2005. Gjennom hele perioden 2016-2022 var det brukt over fire prosent til forskning og utvikling (FoU).

NIFU (Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning) [analyserer](#) kvart år regjeringas forslag til statsbudsjett, med hovedfokus på løyvingane til forskning og høgare utdanning (FoU). Her er nokre av funna.

- **Realnedgang i FoU-løyvingar:** Forslaget til statsbudsjett inneber ein samla realnedgang på 3,5 % i FoU-løyvingar. Dette kjem av justeringar for lønns- og prisvekst, tekniske endringar og redusert norsk kontingent til EU-program. Ser vi berre på de FoU-løyvingane som påverkar FoU-aktiviteten direkte, er det en realnedgang på i underkant av ein prosent neste års budsjett.
- **FoU sin del av BNP og statsbudsjettet:** FoU-løyvingane er anslått til 0,89 % av BNP i 2025, som er ein nedgang frå 0,93 % i 2024. Delen av statsbudsjettet fell til 3,68 %, det lågaste sidan 2005.
- **Universitet og høgskular:** Løyvingane til universitet og høgskular er justert for lønns- og prisvekst, og realnedgangen er på 1,4 %, ein realnedgang på to prosent frå 2019. Mykje av nedgangen kjem frå utfasing av midlertidige tiltak som blei innført under pandemien. Rammeløyvinga til universitet og høgskular utgjør totalt 46,4 mrd. kroner.

- **Forsvarsdepartementet får auka FoU-midler:** FoU-løyvingane til forsvarsrelaterte formål aukar med nesten 30 %, spesielt knytt til teknologiutvikling og langsiktige forsvarssatsingar.
- **Få større nye satsingar:** Budsjettet inneheld få nye satsingar utover styrking av kvanteteknologi, transportforskning og grønn plattform for næringslivet.
- **Norges forskingsråd:** Forskningsrådets faglege løyvingar opplever ein nominell reduksjon, men realnivået blir omtrent det same som i 2024 grunna tekniske budsjettendringar, ifølge regjeringa.
- **Langtidsplanen og framtidig utvikling:** Regjeringa varslar ei stortingsmelding om forskningssystemet våren 2025, med fokus på digitalisering, geopolitiske endringar, raskare kunnskapsbruk og betre koordinering.

Universitetsorganisasjon krev nytenking rundt rangeringar av universitet

Leiande universitet oppmodar rangeringstenester til å ta i bruk meir transparente og rettferdige evalueringmetodar.

[CESAER](#), som representerer over 50 av Europas fremste universitet innan vitenskap og teknologi, har publisert ein eigen [rapport](#) med tilrådingar for å forbetre universitetsrangeringar.

Hovudpoenga i rapporten "**Reimagining University Rankings: Exploring Strategic Priorities and Alternatives**" kan oppsummerast slik:

- **Kritikk av tradisjonelle rangeringar:**
 - Kommersielle universitetsrangeringar blir sett på som ufullstendige, lite transparente og ofte påverka av kommersielle interesser.
 - Rangeringane er forenkla og legg for mykje vekt på kvantitative indikatorar, noko som ikkje fangar opp universitetas fulle samfunnsbidrag.
- **Behov for endringar:**
 - Rangeringane bør bli meir opne og transparente, med tydeleg informasjon om metodikk, vektning av indikatorar og datakjelder.
 - Alternativ til tradisjonelle rangeringar bør utviklast, inkludert tiltak som prioriterer kvalitet over kvantitet og verdien av opne vitenskaplege praksisar.
- **Universitet som utfordrar rangeringane:**
 - Universitet som Utrecht og Zürich har valt å ikkje delta i enkelte kommersielle rangeringar som del av strategiar for open vitenskap og forskingsreform.

- Dette reflekterer ein trend der institusjonar ønsker å fokusere på langsiktige verdiar som forskingskvalitet framfor kortsiktig konkurranse om rangering.
- **Globale utfordringar og moglegheiter:**
 - Det er ein aukande etterspurnad etter indikatorar som reflekterer universitetas bidrag til samfunnsutvikling, regional innovasjon og økonomisk vekst.
 - Kunstig intelligens og dataanalyser kan bidra til meir pålitelege og omfattande vurderingar av universitetas samfunnseffektar.
- **Anbefalingar for ulike aktørar:**
 - **Rangeringsbyrå** bør prioritere meir transparente metodar og tillate universitet å velje bort deltaking.
 - **Studentar** blir oppfordra til å bruke rangeringar som eitt av fleire verktøy når dei vel studiestader.
 - **Nasjonale styresmakter** bør unngå å bruke rangeringar som einaste grunnlag for finansiering og prioriteringar innan høgare utdanning.
 - **Universitet** bør støtte initiativ som CoARA og DORA, som fremmar ansvarlege forskingsindikatorar og meir holistiske vurderingar.
- **Framtidige trendar:**
 - Det er ei aukande oppslutning om reformerte vurderingssystem som fremmar samarbeid, openheit og betre metodologisk robustheit.
 - Rangeringar vil sannsynlegvis fortsette å vere viktige, men det er behov for å gjere dei meir relevante og mindre dominerande i beslutningsprosessar.

Rapporten understrekar at universitetsrangeringar må tilpassast ein meir dynamisk og inkluderande akademisk sektor som reflekterer universitetas mangefasetterte roller i samfunnet.

Spent internasjonalt politisk klima påverkar forskingsmiljøa

Hvordan opplever fagmiljøene et mer spent geopolitisk klima, nlr det sørt om en [undersøkelse](#) ut ført av Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse (HK-dir).

Utfordringene varierer mellom fagområder og mellom land. Innenfor teknologi og naturvitenskap knytter utfordringene seg til et lite knippe land, i hovedsak Kina. Det er få som rapporterer om sikkerhetsrelaterte eller forskningsetiske utfordringer, men det er høy geopolitisk spenning og internasjonalt kunnskapssamarbeid bevissthet om at overvåking og spionasje kan forekomme.

Ekspportkontroll verst

Mest utfordrende i arbeidssituasjon er håndtering av eksportkontroll og lisenskrav på flerbruksvarer og teknologi. I en sektor der internasjonal samhandling og kunnskapsutveksling er helt sentralt, kan kontroll med kunnskaps- og teknologioverføring begrense faglig frihet og innebære praktiske utfordringer i arbeidet, står det å lese i rapporten.

Mange oppfatter eksportkontrollregelverket som vanskelig å forstå og å iverksette i praksis. Flere forteller at utfallet blir at samarbeid stopper opp. Kandidater fra land som Kina utelukkes fra stillinger, av praktiske årsaker. Det er ikke mulig å forene lang behandlingstid knyttet til lisens og innreisestillatelse med krav til fremdrift i prosjekter.

Færre rekrutter

Mange opplever mindre samarbeid og tilgang på færre rekrutter som et faglig tap. Informanter innenfor humaniora og samfunnsvitenskap forteller at rommet for akademisk virke har blitt innsnevret som følge av den politiske utviklingen i en rekke land. Mange av informantene innenfor disse fagene rapporterer om sikkerhetsrelaterte og forskningsetiske dilemma.

Gjør tilpassinger

Informantene forteller at de gjør tilpasninger i forsknings- og undervisningsopplegg av hensyn til egen og partners sikkerhet. De opplever imidlertid jevnt over at de kan forsvare tilpasninger de gjør, metodisk og forskningsetisk. En viss grad av selvsensur eller tilpasning av formidling er ikke uvanlig, også i norsk offentlighet. Ambassader følger med, og risiko for visumnekt har en nedkjølende effekt.

Påholden offentlig penn

Enkelte som jobber med konflikter som berører Norge direkte, forteller også at de nøye vurderer om og hvordan de deltar i det offentlige ordskiftet. Det kan ha en høy faglig og personlig pris i en polarisert offentlighet. En del informanter ytrer bekymringer for at færre studenter vil velge bestemte språk-, land- og regionstudier dersom bildet av trusler og utfordringer blir for dominerende. Det kan få negative konsekvenser for samfunnets kunnskapsberedskap om disse landene på sikt.

Anbefalinger

I rapporten anbefales det at beslutninger om samarbeid der sikkerhet er et tema må gjøres nærmest mulig de berørte fagmiljøene. Én løsning passer ikke for alle. Samarbeid bør vurderes fra sak til sak, og evalueres jevnlig. Ansvar for at det er god balanse mellom sikkerhet og åpenhet i internasjonalt kunnskapssamarbeid, påhviler først og fremst forsknings- og høyere utdanningsinstitusjonene.

Nytt oppdrag om tungrekning til forskning, forvaltning og kunstig intelligens

Kunnskapsdepartementet (KD) har gitt Forskingsrådet i [oppdrag](#) å lage ei konseptvalutgreiing (KVU) om framtidig behov for tungreknekt til forskning, offentlig forvaltning og kunstig intelligens. Utgreiinga skal vere ferdig innan 15. januar 2025.

Regjeringa ønskjer ei oversikt over kor mykje reknekt Noreg treng dei kommande åra. Utgreiinga skal òg vurdere korleis ein eventuell nasjonal infrastruktur for tungrekning kan organiserast og finansierast. Dette er viktig for å styrkje både forskinga, samfunnstryggleiken og konkurranseevna til Noreg. Forskingsrådet leverte før sommaren [ein rapport med tilråding om å investere minst 2,6 milliardar kroner i tungreknekt](#) for forskning og kunstig intelligens over dei neste fem åra. Investering i tungrekning vil ha mykje å seie for mellom anna norsk konkurransekraft, kapasitet, kvalitet og samfunnstryggleik i forskning, ifølgje rapporten.

EU-parlamentet støttar etablering av nye forskingsråd

Europa-parlamentet støttar opprettinga av nye, uavhengige råd i Rammeprogram 10 (FP10).

Ideen er føreslått i rapporten om framtida for rammeprogram 10, utarbeidd av ei gruppe på 15 ekspertar og leia av tidlegare portugisisk forskingsminister Manuel Heitor. Ifølgje eit utkast til [rapport](#) frå Industrikomiteen for forskning og energi (ITRE) klarer ikkje det noverande rammeprogrammet, Horisont Europa, å fremje kvalitet innan vitskap, forskning og innovasjon på ein effektiv nok måte, slik det også er peika på i ein rapport frå tidlegare italiensk statsminister Mario Draghi.

To nye råd

Endringar er nødvendige, meiner parlamentsmedlemene (MEP). MEP-arane støttar eit forslag frå Heitor-gruppa om å opprette eit europeisk råd for teknologi og industriell konkurransekraft for å auke deltakinga frå privat sektor, og eit europeisk råd for samfunnsutfordringar for å handtere forskings- og innovasjonsaktivitetar som adresserer samfunnsutfordringar med avgrensa industrideltaking.

Dobling av budsjetta

Heitor-rapporten tilrår også ei dobling av budsjettet til Det europeiske forskingsrådet (ERC) og ein betydeleg auke i budsjettet til Det europeiske innovasjonsrådet (EIC). Rapporten legg i tillegg vekt på kor viktig det er å verne uavhengigheita til ERC sitt vitskaplege råd og sikre at EIC får tilsvarende vern mot press frå medlemsland og EU-kommisjonen.

Denne overgangen til uavhengige råd vil overføre hovuddelen av FP10 si styring til fagfeltseksperter snarare enn EU-kommisjonen. Parlamentsmedlemene meiner utviding, uavhengigheit og sjølvstyre for ERC og EIC bør vere sentralt i FP10. Halvparten av FP10 sitt budsjett bør gå til desse to råda for å akselerere overgangen frå grunnleggande vitskap til skalering av innovasjon, ifølgje ITRE-rapporten.

Vekk med «missions»

MEP-arane meiner at FP10 bør halde fram som eit sjølvstendig program, og budsjettet bør aukast til 220 milliardar euro. Eit større budsjett vil oppmuntre medlemslanda til å auke investeringane sine i forskning og innovasjon, noko som kan hjelpe EU å nå målet om 3 % av BNP som blei sett for to tiår sidan, meiner dei. Bruken av såkalla «missions» og fastsummeløyvingar i Horisont Europa fekk også kritikk frå ITRE. Komiteen meiner «misjonane» ikkje har klart å oppnå viktige mål, som å tiltrekkje ekstern finansiering.

Europakommisjonen skal teste en ny måte å fordele forskningsstøtte på

I dag brukes et rangeringssystem basert på resultater fra peer-reviews for å velge ut prosjekter som skal støttes. Med det nye systemet, som kan oversettes til et porteføljesystem, vil en bruke en matematisk modell til å velge ut et knippe prosjekter, [skriver Science|Business](#).

Dagens system vektlegger høy kvalitet på forskning først og fremst. I tillegg vektlegges også andre ting, som mangfold hos forskningsinstitusjonen. Porteføljesystemet som skal testes ut vil i tillegg til kvalitet på forskningen også ta med i beregningen potensiale for nye banebrytende gjennombrudd på feltet, hvordan prosjektene komplimenterer hverandre og bruk av det tilgjengelige budsjettet på mest mulig effektiv måte. Disse vurderingene vil ved denne metoden bli tatt av en maskin som har standardiserte kriterier. Dette skal bidra til at investorer støtter opp under et større mangfold av prosjekter, også de som er mer risikable.